

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 61/2000
av 28. juni 2000**

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2000 av 18. april 2000⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2000/45/EF av 17. desember 1999 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til vaskemaskiner⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2000/40/EF av 16. desember 1999 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kjøleskap⁽³⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til avtala vert teksta til nr. 2c (kommisjonsvedtak 96/461/EF) bytt ut med følgjande:

⁽¹⁾ TEF L 141 av 15.6.2000, s. 59, og EØS-tillegget til TEF nr. 27 av 15.6.2000, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 16 av 21.1.2000, s. 73.

⁽³⁾ TEF L 13 av 19.1.2000, s. 22.

“**32000 D 0045**: Kommisjonsvedtak 2000/45/EF av 17. desember 1999 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til vaskemaskiner (TEF L 16 av 21.1.2000, s. 73).”

Artikkel 2

I vedlegg XX til avtala vert teksta til nr. 2el (kommisjonsvedtak 96/703/EF) bytt ut med følgjande:

“**32000 D 0040**: Kommisjonsvedtak 2000/40/EF av 16. desember 1999 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kjøleskap (TEF L 13 av 19.1.2000, s. 22).”

Artikkel 3

Teksta til kommisjonsvedtak 2000/45/EF og 2000/40/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. juni 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 28. juni 2000.

For EØS-komiteen
Formann

F. Barbaso

Sekretærer for EØS-komiteen

G. Vik

E. Gerner

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.